

Utformingsmal for skilt og stativ på Rauland

Utformingsmalen skal sjåast i samanheng med reglane i Plan – og bygningslova(PBL) for oppsetting av skilt og Vedtekter til PBL for Vinje kommune. Oppsetting av skilt må og avklarast med naboar.

Retningsliner for plassering av dei ulike typar av skilt kjem fram i Skiltplan for Rauland sentrum. I Skiltplan for Raulandsområdet (ikkje ferdig) vil skilting for området Raulandsfjell til Austbø bli visa.

Arbeidet med utforming av malar og skiltplanar er gjort i samarbeid mellom næringsdrivande i Rauland sentrum og Vinje kommune, som vidareføring av byggeplan for Rauland sentrum. **For næringsdrivande gjeld skiltplan for Rauland sentrum.** For å få til ein god heilskap i Rauland sentrum er det viktig at næringsdrivande samarbeider om val av skilt – det vil truleg vere prisgunstig at fleire bestiller saman.

Utgangspunkt er teke i eksisterande ljosstolpar i sentrum:



Designen overførast til nye element:

- Skilttavle
- Reklameskilt
- Retningsskilt

Element frå designen som overførast er:

- Hovudgrep
- Materiale
- Detaljar

Hovudgrepet ligg i den slanke stolpen med tverrliggjande bjelke. Dette kan overførast direkte til retningsskilt og ev. til små reklameskilt. Bruker ein 2 stolpar med tverrliggjar som samband imellom kan denne konstruksjonen brukast til skilttavle og reklameskilt.

Materialet som er brukt er tre (lerk) og stål (på detalj). Trematerialet er ubehandla. Dette kan overførast direkte.

Detaljane på stolpen er avslutning på toppen, berar av metall for tverrliggjar oppbygging av stolpen (snitt) og opphenging av tverrliggjar.

Element som varierast i høve til eksisterande stolpedesign er:

- Dimensjonar
- Fargesetting

Dimensjonane må tilpassast dei nye elementa sine storleiker. Dette gjeld både hovudelementa (høgde, tjukkleik) og detaljar. Skilttavler og store reklametavler vil ha same dimensjon, mensretningsskilt og små reklametavler vil ha ei endra mindre utforming. Trafikkrelaterte element bør ha felles farge. Såleis bør retningskilt halde same valør som skilttavler. Reklameskilt bør avvike i fargen. Bruk av for mange fargar kan bli irriterande, difor bør trafikkrelatert informasjon ha same farge likt som lyktestolpar. Reklametavler bør ha ein mørkeraud tone.

Store skilttavler

Store skilttavler skal bere informasjon om Rauland som stad; kvar finn eg dei ulike forretningane, aktivitetar og Rauland sentrum som tettstad. Kommunen har ansvar for å setje dette opp ved Austbø, i Rauland sentrum v/Raulandshuset og ved Alpina. Desse 3 stadene utviklast til "hovudknutepunktet" for informasjon på Rauland.

Mindre skilttavler

Mindre skilttavler med informasjon om sentrum kan setjast opp fleire stader der det er naturleg knytt til parkeringsplassar for tilreisande (ved større butikkar, skiløyper). Tavlene bør vere godt synlege frå parkeringsplassen, men ikkje sperre utsikt mot noko attraktivt. Skiltplanen viser plassering for tavlene, detaljert plassering må avgjerast i kvart einskild høve. Kommunen vil arbeide vidare med dette i samarbeid med Rauland Turist.

Mindre skilttavler som reklameskilt

Reklameskilt bør utformast med like dimensjonar (ev. 2 ulike storleiker). Desse skal brukast av alle næringsdrivande. Skilta kan innehalde storskala informasjon til å fange merksemd frå køyrande langs vegen (butikknamn, produkt, fråstand, retning) eller meir detaljert informasjon for gåande langs med butikken ("Tilbod:...", "Dagens rett" osb).

Nøyaktig utforming vil kunne variere mellom ulike verksemder varierande trong for informasjonsformidling.

Stativa skal likevel vere likt over heile sentrum, det same gjeld fargebruk, skrifttype og - storleik (i stor skala).

Flaggstong reklameskilt

Flaggstong til reklameflagg skal utformast som reklametavlene **med einsidig stolpe** og flagg. Designen takast frå eksisterande ljosstolpar.

Lite reklameskilt

Lite reklameskilt skal utformast som reklametavlene **med einsidig stolpe**. Designen takast frå eksisterande ljosstolpar.

Veggskilt

Veggskilt bør ha same ramme som frittståande skilttavler.


Retningsskilt

Retningsskilt skal syne vegen for gåande og vidareføre informasjonen frå skilttavla gjennom sentrum. Skilta skal syne t.d. løypa, som brukaren har sett på skiltet. Skilta skal vere godt synlege for gåande, men ikkje påverke trafikkbiletet for køyrande.

Designen takast frå eksisterande ljosstolpar. Dette arbeidet held fram i samarbeid med Rauland Turist.

Døme:

Store og mindre skilttavler



Flaggstong reklameskilt



Lite reklameskilt



Retningsskilt



Utformingsmal for skilt og stativ er utarbeidd av Plankontoret Hallvard Hommo.

Vinje 15.01.08 dhu